

Til SU og SMU ved Bryne ungdomsskule

Referat frå møte i SU og SMU

Måndag 29. april kl. 19.00

Til stade: Kristian Mora, Brit Wiig, Jan Arild Herredsvela, Maiken Afseth Håland, Ida Regine Bjørnsen, Angelina Milhaylova, Elsa Djuve Jerstad

Ikkje til stade: Jone Fosse (vararepr skuleeigar)

### Sakliste SU

1. Kort info frå skulen  
Rektor informerte om aktiviteten på trinna. På 8. trinn jobbar me med elevrolla, klassereglar og struktur for å gi elevane eit godt læringsmiljø. 9. trinn har hatt Utdanningsvalg og skal ha prøvemunnleg siste veka før ferien. 10. trinn går inn i eksamensperioden, og mange er spente på vidaregåande skule til neste år.
2. Høyring på forslag til ordensreglement for Timeskulen.  
SU ve Bryne ungdomsskule går for endringane i høyringsutkastet til felles kommunalt ordensreglement for Time kommune.
3. Økonomi og tilsetjingar  
Skulen har så lang dei lærarane me treng til neste skuleår, me har kontroll på økonomien så langt i år. SU diskuterte driftsbudsjettet og handlingsrommet til skulen.

### Sakliste SMU

1. Gjennomgang av Olweusresultata ved skulen.  
Olweusundersøkinga viser at det er 5,7 % av elevane som opplever å ha blitt mobba 2-3 gonger i månaden eller meir. Talet er ikkje så høgt som på elevundersøkinga. Skulen har hatt 15 individuelle aktivitetsplanar frå august, og to aktivitetsplanar på heile klassar.  
Dei elevane som er blitt mobba opplever at det i størst grad skjer i gangane og i klasseromma, og dei formene som er mest utbredt er verbal mobbing, utestenging spreiding av rykter og løng og verbal seksuell mobbing. Dei aller fleste har fortalt om mobbinga til ein ven, ein vaksen heime eller ein vaksen på skulen. Om lag 12 % av elevane seier at dei kunne tenka seg å vera med og mobba ein elev dei ikkje liker. Dette syns SMU er alvorleg og oppfordrar skulen til å ta tak i det.
2. Korleis har me jobba med utfordringar på eit trinn dette skuleåret  
Rektor informerte om tiltak som Laget rundt læraren og eleven på skulen har sett i gang og jobbar med rundt ei gruppe elevar på eit trinn. LLE består av skulen, helsestasjonen, barnevernet, familiesenteret, ungdomsteamet, ppt og politiet.
3. Robust til neste skuleår

### [Robust](#)

Skulen vil setja i gang livsmestringskursa Robust til neste skuleår. Sjå linken. Det er nå åtte lærarar som går på kurs for å få meir innsikt i dette.

4. Sterk og klar for føresette til neste skuleår

### [Sterk og klar- IOGT](#)

Time kommune har gått inn på ein avtale med IOGT og vil tilby foreldremøter om grensesetjing og rus alle tre åra. Sjå link for meir info.

Elsa D Jerstad